



Ove Georg Hvidsten  
Kvamsvegen 62  
5911 Alversund

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8151 - 22/95513

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
15.12.2022

## Varsel om dokumentkontroll husdyrregister

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket 2022

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars og oktober 2022.

I følgje § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2022-63 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.

Føretaket ditt er trekt ut grunna feil ved den maskinelle kontrollen av storfe knytt mot husdyrregisteret der søknadsopplysningar vert kontrollert mot registreringar i husdyrregisteret. Avviket i din søknad gjeld teljedato 1.mars og 1 oktober og antall melkekyr som har kalva siste 15 mnd.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsynte dokument til kommunen for kontroll.

**Dokument som kan godkjennast er utskrift frå husdyrkontrollen, ku-kontrollen eller storfekjøttkontrollen datert 1.mars og 1.oktober. I dokumenta som vert sendt inn må det og komma fram fødselsdato og siste kalvingsdato for melkekyr/ammekyr.**

**Kontrollen vil omhandla:**

**-Melkekyr/ammekyr og øvrige storfe som føretaket disponerte på teljedato 1.mars og 1. oktober som er registrert i husdyrregisteret.**

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, Postboks 4 5906 Frekhaug eller på e-post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) innan **torsdag 5.01.2023**. Merk dokumentasjon med gards og bruksnummer og organisasjonsnummer samt namn på føretaket.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar. Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret. Tlf. 56 37 50 00  
[oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no](mailto:oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no)

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ove Georg Hvidsten  
Ove Georg Hvidsten

Kvamsvegen 62

5911 Alversund